

VOSS GOLFKLUBB

**EIN UFORMELL OG
INKLUDERANDE KLUBB**



Golf på Voss byr på sterke naturopplevingar. FOTO: Svein Oliver Vedaa

Med Lønahorgi som kneisar stolt 1410 meter over havet og skibakkane i Bavallen som kulissar ligg Voss Golfbane sin 9-holsbane med Lønavatnet som næraste nabo. På ein vindstille dag i mai speglar den kvitkledd fjelltoppen seg i vatnet, og er med på å gje oss sterke naturopplevingar. Banen, og naturen ikring oss er så grøn at det mest skjer i augo. Men so er no Voss kjend for sine idrettar med sterke opplevingar. Ekstremспорт er ein del av kvardagen her. Fallskjermar og paraglidarar ser du mange av oppi himmelsynet mest kvar einaste dag om sommaren.

Banen er lett å gå med kort avstand frå green til tee, og utan store stigningar. Me vil påstå at banen passar bra både for nybegynnarar og elitespelarar. Du kan slå med driver på alle par 4 og par 5-hol. Kytebekken som er i spel på 4 av hola på banen byr på ekstra utfordringar.

Alle er velkomne til å bruka treningsområda ved klubbhuset, og me tilbyr Vegen Til Golf-kurs for deg som ynskjer å verta medlem. Har du fullført kurset hjå oss får du Golfkortet som kvalifiserer for spel på banen.



Voss Golfklubb er ein klubb med aktive og engasjerte medlemmer som gjer mykje av banearbeidet på dugnad. Banen fekk i 2010 svært god omtale av våre besøkjande greenfee-spelarar som kanskje ein av dei beste 9-hols-banane på vestlandet. Me kan òg by på eit triveleg kafébesøk i klubbhuset der du får kjøpt deg ein matbit og god drikke til. Ein hyggeleg kar svarar telefonen når du ringjer. Me ynskjer å vera ein



uformell og inkluderande klubb som tek godt vare på nye golfvener frå første dag. Hjå oss er du velkomen som du er! Du kan gjerne gå i favorittbuksa di, og skjorta treng ikkje ha krage. Me ber inn til mange kjekke sosiale aktivitetar gjennom sesongen, mellom anna ein årleg smalahovefest utpå hausten.

GENERELL INFO

Banen er open ca. mai – oktober.
Følg med på vossgolf.no
for opningsdato sesongen 2011.
Dagleg leiar: Alf Kissner, tlf. 400 04 490
E-post: post@vossgolf.no
Vegen Til Golf-kurs inkludert alt kursmateriell, lån av utstyr og fritt spel på Voss Golfbane heile sesongen 2011 får du for kr. 2.200,-.

SAMARBEIDSPARTNERE

Fagnastøl Bygg og anlegg, HMV Voss Eigedom, BrattebøBYGG, Toyota Voss, Park Hotel, Voss Handelslag, AMFI Voss, Bjørkegruppen, Voss Energi, Fleischer's Hotel, Alf Opheim Synsam, Spilde Entreprenør, ØkonomiSenteret Voss, Fargerike Martin Tvilde, Voss Resort, HEADVISOR, Hordaland, O.L. Kythe entreprenør, Skutle Betong, Vangen Elektriske, Br Økonomi og Rekneskap, Hotel Jarl, Taubane Teknikk, Voss Fjellandsby, Voss Stein, Voss Bil Eigedom, Voss Cement, S. Endeve Sport, Biltunet Vossww